



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3919 - 17/11220

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

19.04.2017

Stadfesting av motteken klage og vurdering av utsett iverksetjing - gbnr 70/23 Feste ytre

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 10.04.2017.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33.

Klagen vert handsama i møte i Plan- og miljøutvalet 31.05.2017. Møta vert haldne i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Vert klagen ikkje tatt til følge vert den sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det oppmoda om utsett iverksetjing av vedtaket om dispensasjon fatta av Plan- og miljøutvalet i møte 22.03.2017, saknr 024/17. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatta avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uopretteleg skade eller tap for partane.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedtaket som er fatta gjev dispensasjon frå det generelle plankravet i kommuneplanen sine føresegner, arealføremålet og byggjeforbodet i strandsona for etablering av fritidsbustad, naust og kai. Tiltakshavar har ikkje send inn søknad om løyve til tiltak enno, men administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetjing av dispensasjonen inntil klagesaka er avgjort.

I vurderinga har administrasjonen særleg lagt vekt på at strandsona er underlagt eit særskild vern og at ei gjennomføring av tiltaket i strandsona er vanskeleg å tilbakeføra dersom vedtaket til kommunen vert omgjort og søknaden om dispensasjon avslått. Administrasjonen er vidare av den oppfatning at det å gje utsett iverksetjing av dispensasjonsvedtaket får liten verknad for tiltakshavar då søknad om løyve til etablering av tiltaka per dato ikkje er send inn til kommunen. Det vert gitt utsatt iverksetjing av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gunda Gjertrud Ingeborg Nordanger Hamrane 30 5704 VOSS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen